



Vikebygd grendeutval v/Frantz Lea

Rådmannen
Saksh: Kristian Birkeland
Tlf: 53 65 65 80
Dato : 21.09.2015
Vår ref: 15/12493
Dykkar ref:
Arkiv: K1 - 611

UTTALELSE FRA VIKEBYGD GRENDAUTVALG VEDR DOMMARSNES INDUSTRIOMRÅDE

Me viser til e-post sendt 8.september 2015.

Sjå vedlagt FS-sak 079/15.

Ordførar og Rådmann er i vedtaket gitt fullmakt til å forhandla fram avtale og overtakingssum ved ev. sal av industriområdet vest for Fv. 734. Endeleg vedtak om sal vert gjort i politiske organ.

Grendeutval har ei naturleg rolle som høyringspart ved utarbeiding av nye reguleringsplanar og rullering av kommuneplan. Dommarsnes industriområde har godkjent reguleringsplan med formål industri. Eit sal av areal til bruk som samsvarer med reguleringsplan er ikkje ei høyringssak, men ei sak som gjeld to partar; seljar og kjøpar.

I FS-sak 079/15 står det at «Rådmannen ser det som viktig at dersom området skal seljast til private aktørar, så er det ein føresetnad at det vert oppretta arbeidsplasser på området». Det er også peikt på at «Ein må og vurderer i kva grad ein kan sikra at fleire av dei som nyttar kaiane på Dommarsnes i dag, framleis kan ha tilgangen til denne».

Avtalen med Westcon er ein løpande leigeavtale med gjensidig oppseiingstid.

Me er opptatt av å ha eit godt samarbeid med grendeutvalet om utvikling av Vikebygd og resten av kommunen

Med helsing

Kristian Birkeland
Rådmann